

Granvin

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Kommune i Hardanger
- Kommunenamnet er ei samansetjing av trenamnet *gran* og *vin* 'naturleg eng'.
- Areal: 212 km²
- Innbyggjartal per 1.1.2006: 986
- Administrasjonssenter: Eide
- Ingen tettstader
- Næringsvegar: Jord- og skogbruk, turisme, lite industri. Om lag ein tredel av arbeidstakarane har arbeid utafor kommunen.

2. Lytt på dialekten

➤L [Klikk her](#) og høyr på opptak frå Granvin.

Tekst 1:

- Hva betyr det der robotmelking da? Går kyrne selv inn...
- Ja, du har sånn styrt kutrafikk med portar. Og dei har jo halsband med ein sånn transponder. Så det går på data det meste då. Med, så går dei bort til sånne portar, og så dei vil, vert det lese, den transponderen då, altså kor lenge sidan dei har vore inne og mjølka. Så vert han styrt, viss det har gått over eit visst antal timar, så vert dei styrt mot roboten. Det som lokkar dei inn, då er det litt kraftfor inni, den får kraftfor inni roboten, og så, så lukkar den grinda att. Og så går denne bort og så vaskar kvar spene fyrst, og så kjem dei der spenekoppene. Robotarmen set det oppunder. Altså, så vert det målt mjølkemengde på, frå kvar spene då. Når det minkar og kjem ned under eit visst nivå, så tek han det av att. Så då ser du på skjermen kor mykje mjølk det er på kvar. Ja, kor mykje samla på kvar spene og. Og så kan du då ta ut viss det er unormal mjølk.

Informant: Mann frå Øvre Granvin, fødd 1948.

Tekst 2:

- Du slit deg ikkje ut der ute, som eg sa. Hvert fall ikkje sånn, nei, ikkje det sånn som eg, eg driv med i hvert fall.
- Nei. Kva, kva slags arbeidsoppgåver har du når du er ute?
- Nei, alt som skal flyttast rundt på plattform sånn, sånn som internt då. Så er det i frå båt. Får båt, to gonger i veka då så. Hiv opp alt slags ting og tang som skal ut og mat og sånne ting. Og ting som skal i land sjølvsagt.
- Ja, begge vegar, ja.
- Ja, ja, ja. Det er det.
- Er det kjedeleg å vera på ei plattform, sånn når du har fri, eller?
- Nei, nei. Det er masse å gjera, ja sånn i fritida altså. Med treningsrom og forskjellig sånt, og biljard og kinosal og bibliotek og alt eigentleg. Alt muleg.
- Ja, så dei har masse tilbod, sånne ting å gjera på...
- Sånn, masse tilbod, om kveldane og sånn. Så det, data og sånne ting. Så du kjedar deg eigentleg ikkje då. Men du får jo ikkje reisa heim då. Det er jo litt bale. Sant, du kjem deg jo ikkje heim, og du er jo, du må jo vera der ute i fjorten dagar. Men, ja, så har du fire veker då fri etterpå, som då du kan gjera nett kva du vil eigentleg.

Informant: Mann frå Granvin, fødd 1986.

3. Nokre særdrag

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske >T[eigen art.] og hardangerske >T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar >O endar på *-a* >T[eigen art.]K: *å kasta, å fara*
- svake hokjønnsord >O endar på *-a* i ubestemt form eintal >T[eigen art.]K: *ai veka, ai kána*
- det er forskjell i bøyinga på svake >O og sterke hokjønnsord >O i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) >T[eigen art.]K:

<i>veka</i>	<i>veko</i>	<i>veke</i>	<i>vekena</i>
<i>bu</i>	<i>bue</i>	<i>bue</i>	<i>buena</i>
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal >T[eigen art.]K
- ein har uttalen *ao* i ord som *skaol, sjao* og *aor*, 'skål, sjå og år', dvs. ord som har *å* i skriftmålet, og som hadde lang *a* (*á*) i gammalnorsk.
- diftongane *ei* og *øy* blir uttalte som *ai* og *ái*: *ait bain, á raisa, ai ái, á dráima* 'eit bein, å reisa, ei øy, å drøyma'.

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, ø, á, au, ai, ái* og *ao*. Dessutan har ein "tillegsvokalane":

e, som blir uttalt som ein open *e*

ù, som blir uttalt som ein open *u*

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tillegskonsonantane":

k̥, q̥, som blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tenkja, byggja* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under substantiv >L.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Granvin tonemforskjell >O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen >O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

ˈfar'n (bestemt form eintal av *far*)

ˈfar'n (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *d*, *l*, *n*, *r*, *s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter altså for eksempel *kvist'n* og ikkje *kvisten*.
- Når *n* står framom *g* eller *k*, blir han uttalt *ŋ*. Denne lyden blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein velar nasal. Det heiter altså for eksempel *seiŋg* 'ei seng'.
- Når *n* står framom *j*, *ɟ* eller *ɰ*, blir han uttalt *ɲ*. Denne lyden blir uttalt som ein *n* med ein liten *j*-klang. I fagspråket kallar me han for ein palatal nasal. Det heiter altså for eksempel *dann seiɲje* 'den senga'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønsteret for hankjønnssorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma >O (*baɕɕe*), mens andre ikkje gjer det (*heɕt*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1. *-(e)* *-en* *-a* *-ane*

Det vil seia at *heɕt* og *baɕɕe* blir bøyde slik:

<i>baɕɕe</i>	<i>baɕɕen</i>	<i>bakka</i>	<i>bakkane</i>
<i>heɕt</i>	<i>heɕt'n</i>	<i>heɕta</i>	<i>heɕtane</i>

På grunn av at endinga *-en* i *heɕten* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *heɕt'n*, jf. Lydmønster >L.

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. – –*en* –*e* –*ena*

Slik går m.a. *sau* og *vegg*, altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>saue</i>	<i>sauena</i>	
<i>vegg</i>	<i>veggen</i>	<i>vegde</i>	<i>veggena</i>	'vegg'

Avvikande bøyning frå dette i hankjønnsord finn ein for eksempel i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føte</i>	<i>føt'na/føtt'na</i>
------------	--------------	-------------	-----------------------

Ein del ord som endar på dei trykklette stavingane *–ar* og *–el*, følgjer første bøyingsmønsteret, men dei får samandraging >O i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammar'n</i>	<i>hamra</i>	<i>hamrane</i>
<i>tist'l</i>	<i>tistel'n</i>	<i>tistla</i>	<i>tistlane</i>

Hokjønnsord

Dei fleste sterke hokjønnsorda >O har dette bøyingsmønsteret:

3. – –*ę* –*e* –*ena*

Dermed får orda *sak* og *skaol* slik bøyning:

<i>sak</i>	<i>sakę</i>	<i>saķe</i>	<i>sakęena</i>	
<i>skaol</i>	<i>skaolę</i>	<i>skaole</i>	<i>skaol'na</i>	'skål'

Dei fleste svake hokjønnsorda >O har slik bøyning:

4. –*a* –*o* –*e* –*ena*
veka *veko* *veke* *vekena*
reka *reko* *reke* *rekena*

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5. – –*ę* –*a* –*ane*

Slik bøyning har f.eks. *ęlv* og *grind*:

<i>elv</i>	<i>elvę</i>	<i>elva</i>	<i>ęlvane</i>
<i>grind</i>	<i>grindę</i>	<i>grinda</i>	<i>grindane</i>

Mellom anna desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

<i>rot</i>	<i>rotę</i>	<i>røte</i>	<i>røt'na</i>
<i>natt</i>	<i>nattę</i>	<i>nette</i>	<i>nett'na</i>

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	<i>-(e)</i>	<i>-e</i>	<i>-(e)</i>	<i>-ę</i>
----	-------------	-----------	-------------	-----------

Dette er det dominerande bøyingsmønsteret for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma >O (*ęple*, *sęte*), mens andre ikkje gjer det (*bęr*, *trådl*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

Orda *bęr*, *trådl*, *ęple* og *sęte* får denne bøyinga:

<i>bęr</i>	<i>bęre</i>	<i>bęr</i>	<i>bęreę</i>	'bær'
<i>trådl</i>	<i>trådle</i>	<i>trådl</i>	<i>trådleę</i>	'troll'
<i>ęple</i>	<i>ęple</i>	<i>ęple</i>	<i>ępleę</i>	'eple'
<i>sęte</i>	<i>sęte</i>	<i>sęte</i>	<i>sęteę</i>	'sete'

Ei gruppe inkjekjønnsord blir bøyde slik:

7.	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>-ena/-o</i>
	<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>auge</i>	<i>augena/augo</i>
	<i>åira</i>	<i>åira</i>	<i>åire</i>	<i>åirena/åiro</i> 'øyre'

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bękk* heiter *bęķķęn*, *veg* heiter *vejen*, *sęng* heiter *sęnjeę*, og *vęgg* heiter *vęđđęn* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *bękk*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vęgg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *veg*) og etter *n* (jf. *sęng*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med *-e* og *-ena* som endingar i fleirtal (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma,
- i fleirtal av ein del hokjønnsord som ikkje får skifte av rotvokal mellom eintal og fleirtal, og
- i heile inkjekjønns.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a *-a* *-a* *-a*

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>takka</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>

2. *døma*-klassen:

-a *-e* *-de/-te* *-t*

Etter dette mønsteret bøyer ein altså slik:

<i>glåima</i>	<i>glåime</i>	<i>glåimde</i>	<i>glåimt</i>	'gløya'
<i>tåra</i>	<i>tåre</i>	<i>tårde</i>	<i>tårt</i>	'tora'
<i>tapa</i>	<i>tape</i>	<i>tapte</i>	<i>tapt</i>	

Verba i denne klassen som har konsonantane *m*, *n* eller *v* føre endinga, som altså i *glåima*, *låva*, *nevna* 'gløyma, lova, nemna' osv., får endinga *-de* i preteritum ➤**O**. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: *å lika* – *likte*, *å gapa* – *gapte*. Av verb som har konsonantane *g*, *l* eller *r* framom endinga, får somme *-de* andre *-te* i preteritum: *å spela* – *spelte*, *å tåla* – *tålde*.

3. *greia*-klassen:

–a –e –dde –tt

Altså:

<i>nåia</i>	<i>nåie</i>	<i>nåidde</i>	<i>nåitt</i>	'nøya'
<i>tåija</i>	<i>tåie</i>	<i>tåidde/tåigde</i>	<i>tåikt</i>	'tøya'

Når disse verba får tillagt endingane –dde og –tt, blir vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *t* eller diftong >O framom infinitivs-a-en: *nåia*, *blåita* 'nøya, bløyta'.

4. *meina*-klassen:

–a –a –de/–te –t

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>baka</i>	<i>baka</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>
<i>tręga</i>	<i>tręga</i>	<i>tręgde</i>	<i>trękt</i>

Dette verbet kan òg følgja *kasta*-klassen:

<i>tręga</i>	<i>tręga</i>	<i>tręga</i>	<i>tręga</i>
--------------	--------------	--------------	--------------

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum >O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *bakte* med –te og *tręgde* med –de. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *baka*, *maola*, *lika* osv.

5. *telja*-klassen:

–a –e * –de/–te * –t

Her set me stjerne framom endingane i preteritum >O og i perfektum partisipp >O, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen >O i verbet kan skifta:

<i>vęlja</i>	<i>vęle</i>	<i>valde</i>	<i>valt</i>
<i>symja</i>	<i>syme</i>	<i>sųmde</i>	<i>sųmt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang >O; *vęle* er uttalt med det me kallar tonem >O 1, mens *glåima* i presens har tonem 2: 'vęle, 'glåime. Her som i *døma*-klassen bruker ein –te i preteritum etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

– –r –dde –tt

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv >O, og altså –r i notid:

<i>bu</i>	<i>bur</i>	<i>budde</i>	<i>butt</i>
<i>sy</i>	<i>syр</i>	<i>sydde</i>	<i>sytt</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤**O** ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stamma ➤**O** mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara* – *fere* – *for* – *fare*. Her er skiftet altså *a* – *ε* – *o* – *a*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤**O** (*for*), perfektum partisipp ➤**O** har endinga –*e* (*fare*), og i notid bruker ein tonem ➤**O** 1 (*fere*) slik som i det svake verbet *vele*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i* – *i* – *ai* – *e*):

<i>bita</i>	<i>bite</i>	<i>bait</i>	<i>bete</i>
<i>skriva</i>	<i>skrive</i>	<i>skraiv</i>	<i>skreve</i>

2. klasse (*o/y* – *y* – *au* – *å*):

<i>brjota/bryta</i>	<i>bryte</i>	<i>braut</i>	<i>bråte</i>
<i>sjota/sjyta</i>	<i>sjyte</i>	<i>skaut</i>	<i>skåte</i>

3. klasse (*i/ε* – *i/ε* – *a* – *ù/å*):

<i>finna</i>	<i>finne</i>	<i>fann</i>	<i>fünne</i>
<i>stikka</i>	<i>stikke</i>	<i>stakk</i>	<i>stùkķe/ståķķe</i>
<i>brenna</i>	<i>brønne</i>	<i>brann</i>	<i>brånne</i>
<i>svelta</i>	<i>svelte</i>	<i>svalt</i>	<i>svålte</i>

4. klasse (*ε* – *ε* – *a* – *å*):

<i>bęra</i>	<i>bęre</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>
<i>stęla</i>	<i>stęle</i>	<i>stal</i>	<i>ståle</i>

5. klasse (*ε* – *ε* – *a* – *ε*):

<i>lęsa</i>	<i>lęse</i>	<i>las</i>	<i>lęse</i>
<i>drępa</i>	<i>drępe</i>	<i>drap</i>	<i>drępe</i>

6. klasse (*a* – *ε* – *o* – *a*):

<i>fara</i>	<i>fære</i>	<i>for</i>	<i>fare</i>
<i>mala</i>	<i>mæle</i>	<i>mol</i>	<i>male</i>

Litt meir spesiell bøyning har desse sterke verba ➤O:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>bee</i>	'be'
<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>gav</i>	<i>gåve</i>	'gje'
<i>sta</i>	<i>staor</i>	<i>sto</i>	<i>stae</i>	'stå'
<i>slao</i>	<i>slær</i>	<i>slo</i>	<i>slaie</i>	'slå'
<i>fao</i>	<i>fær</i>	<i>fækk</i>	<i>fænje</i>	'få'

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ➤O (for eksempel *naken*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

1)	<i>ain naken gut</i> <i>nakne guta</i>	<i>ai nakę jenta</i> <i>nakna jente</i>	<i>ait nake badn</i> <i>nakne bådñ</i>
2)	<i>ain stor gut</i> <i>store guta</i>	<i>ai stor jenta</i> <i>stora jente</i>	<i>ait stort hus</i> <i>store hus</i>

Dermed er bøyingsmønstera slik:

1)	<i>-en</i>	<i>-ę</i>	<i>-e</i>
	<i>-ne</i>	<i>-na</i>	<i>-ne</i>
2)	<i>-</i>	<i>-</i>	<i>-t</i>
	<i>-e</i>	<i>-a</i>	<i>-e</i>

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

Eintal	Fleirtal
--------	----------

	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjøn	hokjøn	inkjekjøn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>dæg</i>	<i>hann</i>	<i>hinne</i>	<i>da</i>	<i>aoko/ åss</i>	<i>deko</i>	<i>dai</i>

Dei peikande pronomena i Granvin har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dai</i>
<i>dønne</i>	<i>dønne</i>	<i>dætta</i>	<i>døsse</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>

5. Ord og uttrykk

Nedafør finn du ei samling gamle ord og uttrykk frå Granvin. Samlinga byggjer på:

- Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halldor O. Opedal 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

5.1. Ordsamling

augnast (verb) 'møtast med augo, verdsetja kvarandre': *Gut'n å jento augnast.*

blaisk (adjektiv) 'utydeleg, urein': *Hann va so blaiske i maole, dann mann'n.*

fraist'n (adjektiv) 'merksam, akksam': *Fålk va mair fraistne førre elde no dai e.*

gruma (substantiv, hokjøn) 'grop, hol': *Da e ai gruma i ost'n. Da e ai gruma i jore.*

gùff (substantiv, hankjøn) 'skjeggbusse' (helst om gamle folk): *Da va ain gamadle gùff.*

hekla (substantiv, hokjøn) 'sterk mot smitte': *Hann Airik Neshaim va ai hekla te kar –
sottē bait iķķe pao ann.*

hissbraia (substantiv, hokjøn) 'torever': *Ho e ute å jenge, hissbraio, i dag.*

klùmrehendt (adjektiv) 'lite hendig': *Gamle fålk e åfta klùmrehendte.*

klødd'n (adjektiv) 'gløgg, skarp, godt for seg' (blir av og til bruka ironisk): *Ho e no so
myķe te klødde.*

laup (substantiv, hankjøn) 'kløppar, framifrå kar (om dugleik)': *Da va ain laup te kar.*

skavanka (verb) 'skamfara': *Da syntte att finjen hadde vå skavanka.*

snùft (substantiv, hokjøn) 'ingen ting, ikkje det slag': *Eg ser iķķe snùfte tao ann Per i*

dag.

snysa (verb) 'stupa, rulla': *Dao hann Ola skù prøva dai nya sjidna sine, dao snyste hann so sjitle.*

storþýnd (adjektiv) 'storvaksen': *Da va ait storþýnt fálkaslag.*

tysja (verb) 'slarva, kviskra': *Dai sat á tùste i lag, gut'n á jento.*

ubytt (adjektiv) 'uoppgjort': *Da va iþþe noke ubytt imjydlo dai no.*

vaver (substantiv, inkjekjøn) 'slump': *Da va ait vaver att eg møtte Per i Bergen dann dajen.*

vemen (adjektiv) 'doven (om smak)': *Vin'n dinn e vemen, tyþþe meg.*

yva (verb) 'reisa bust': *Hund'n knurra á yvde seg.*

5.2. Uttrykk

buen te 'snar til': *Hann far va buen te fao ilt i háve.*

døra seg 'gå på do': *Hann va so laoke att hann vann iþþe døra seg.*

drikka seg i skrùkk 'drikka så mykje at ein sig saman': *Hann Ola Haostabba drakk seg aldri i skrùkk.*

drikka seg pao ain svim 'drikka seg full': *Hann drakk seg pao ain svim.*

aint te 'forlikt om, samdom': *Husmann'n skar tri elde fira maol isjao husbond'n ette so dai vatt ainte te.*

taka da la-la 'ta livet med ro': *Hann Per teke da helste la-la.*

taka ette 'leggja vekt på, visa interesse for': *Hann tok iþþe større ette da.*

tøla imot 'stunda imot': *Da tøle imot kveld'n fy aoko adle.*

ut i audt 'til fånyttes': *So sprang du iþþe hailt ut i audt dao.*

6. Forskjellar

6.1. Yngre og eldre dialekt

På ein del punkt kan me sjå forskjellar mellom yngre og eldre mål.

Substantivbøying >L

- I bøyinga av hankjønnsorda kan ein del av dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 1 (for eksempel *hest*) og bøyingsklasse 2 (for eksempel *sau*) ovafor. Dei vil bøya orda *hest* og *sau* på same måte:

<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>
<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>saua</i>	<i>sauane</i>

- I bøyinga av hokjønnsorda kan dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 3 (for eksempel *sak*) og bøyingsklasse 5 (for eksempel *elv*) ovafor. Dei kan såleis bøya orda *sak* og *elv* på same måte:

<i>sak</i>	<i>sakę</i>	<i>sake</i>	<i>sakene</i>
<i>elv</i>	<i>elvę</i>	<i>elve</i>	<i>elvene</i>

- Dei hokjønnsorda som har *e* i fleirtalsendingane, får hjå dei yngste endinga *–ene* i bestemt form fleirtal. I eldre mål i Granvin er endinga *–ena*. Dei yngre vil for eksempel seia *rekene*, der dei eldre seier *rekena*. Det same gjeld for inkjekjønnsord av typen *auga* og *åira* 'øyra' (dvs. bøyingsklasse 7 ovafor). Her seier dei eldre *augena* i bestemt form fleirtal, mens dei yngre ofte seier *augene*.
- Dei yngre har ikkje like mykje palatalisering som dei eldre. Dei kan for eksempel seia *skogen* og *sakę*, der dei eldre seier *skojen* og *sakę*.

7. Dialektprøver

Slik kan tre dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift >T [eigen art.]:

Tekst 1:

Haringafjor'n kläive seg i to graine inst inne i lande, å dann lengsta grainę ę dann so dai kadla Søjfor'n; hann sjere seg baint i sør å ę męste tri mil lange. Dar ę gått joręynde å jilde gara, męnn dar ę ęe manga slett'na elde manje moane, fy strånde ę javnaste brått å bergite, å fjędle staor so ain vęgg pao baa sie aot fjor'n. Dar ę lanje stykęe so ę berre skrelåp, å dar kann injen byęęa, fy dar ryne å rudla da jamt å samt, måld å stain ùmm haust'n å snjo ùmm vøter'n å vaor'n. Menn da ę ęe adle staa so helde, mao du tru. D'ę manje staa att maręę ę tåle javn alt i frao fjøro å ùpp ùnde eęęę, so dar jęnge ingna skreur so ę te saija tao. Dar ę da jilda jore å slette bøa ne mę sjydnen.

Ordforklaringar:

joręynde = jordsmonn

skrelåp = spor etter jordskred

ryne = styrtar ned

tåle javn = heller jamn

sjydnen = sjøen

Tekst 2:

- Ja, hva betyr det der robotmelking da? Går kyrne sjøl inn...

- *Ja, du har sánne styrte kutrafikk me porta. Á dai har jo halsband me ain sánn transpánder. So da går på data da mešta dá. Me, så går di bort te sánn porta so dai vill, vette da lese, denn transpánderen, allso kor lenje sidan di ha vá inne mjelka. So vete hann styrte, viss de e gått øve ett visst anttal tima so vete dai styrt mot robot'n. Á da so lákka dai inn, dao e da litt kraftfor inni, dann faor kraftfor inni robot'n, Á so, so lúkka denn grindę atte. Á so går denna bort á so vaska kvar spene fyst, á so keme di der spenakáppane. Robotarmen sete da oponde. Allso, so vete da mełt mjelkemengd'n pao, frao kvar spene. Når da minka á keme ned únda ett visst nivå, so teke ann da tao atte. So dao ser du pao sjermer kor mykķe mjelk de e pao kvar. Ja, kor mykķe samla pao kvar spene, á. Á so kann du dao ta ut viss da e unormal mjelk.*

Tekst 3:

- *Du slite deg ikķe ut dar ute så eg sa. Verr fall ikķe sánn, nai, ikķe da sánn så eg, eg drive me i verr fall.*
- *Nei. Kva, kva slags arbeidsoppgáver har du når du er ute?*
- *Nai, alt så ska flyttas ront på plattformę sánn, sánn sámm internt dá. Så e da i frá båt. Får båt to gonga i veko dá så. Hive opp all slags ting á tang så ska ut á mat á sánne ting. Á ting så ska i lann sjølsagt.*
- *Ja, begge vegar, ja.*
- *Ja, ja, ja. Da e da.*
- *Er det kjedeleg á vera på ei plattform, sánn når du har fri, eller?*
- *Nai, nai. Da e masse á jera, ja sánn i fritio allsá. Me treningsromm á fársjelli sánt, á biljard á kinosal, á biblotek á alt egentli. Alt muli.*
- *Ja, så dei har masse tilbod, sánne ting á gjera på...*
- *Sánn, masse tilbud omm kveldane á sánn. Så da, data á sánne ting. Så du keda deg egentli ikķe dá. Meñn du får jo ikķe raisa haim dá. Da e jo litt bale. Sant, du keme jo ikķe haim, á du e jo, du må jo ve der ute i fjort'n daga. Meñn, ja så har du fira veke dá fri ittepå, så dá du kann jera nettt ka du vill egentli.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Granvin

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ **T** [eigen art.].

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.

Lokal konsulent: Lars Kvamme